Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Utsira

Emne: Brynet Bygdelag:

Oppskr. av: Thorolf Kvalvik Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira G.nr. 3/ Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Kvasstein er det vanlege ord for bryne, og segjer ein å kvessa eller kvetja ljå, sigd, kniv m. v.
Til barberkniv er det hein og brukar å segja kvessa barberkniven.

2. Det er kvassteinar av kunststein ein helst brukar no. Naturleg kvass=stein finnes ikkje her, ein må andre stader etter den.

I utgravinga her etter busetjing frå folkevandringstida fann ein og naturlege kvassteinar, kvar denne steinen eller den naturlege ein no kjöper kjem frå veit ein ikkje. Grunnfjellet her er hardt lite höveleg til kvasstein

3. Det reidskap ein vil ha kvast - um tald barberkniv - vert först slipa på rund slipestein og etterpå kvessa med kvasstein

4. Ein har höyrd om at ymse reidskap i eldre tider vart tynna ut med hamring istaden for bruk av slipestein, men kan ingen nolevande minnast sett det gjort, heller ikkje når skikken med

/.

8167

å slipa ljåar eller anna tok til.

Nokon skildnad på ljåane før og no ser ein ikkje.

5. Slipesteinar av andre slag enn dei ein har no veit ein ikkje om har vore brukt, og er steinen stasjonær ved uthusa i skuggen for sola.

6. Ein sparar aldri på ljåen, er ljåen ukvass - utsjenut - og kvassteinen nytte-laus sliper ein heller framom å slå med ukvass ljå.

7. Serskild kvasstein for ljå og andre ting brukar ein ikkje, heller ikkje er he brukt til kvesseby for nokko.

8. Er det langorv som skal slipast, løyser ein bestandig ljåen or orvet, men med stuttorv gjer ein ikkje det. Ljåen festar ein til orvet at den i ei snøggvende kan løysast av. Til dette brukar ein snøre og kedjelar (spøter), og serlaga jarnband.

Ljåegge (eggje) held ein frå seg når ein sliper, og vert steinen dregen inn at.

9. Er det langorv ein kvesser, setter ein enden av orvet i marka. Orv og ljå støtter ein so med venstre hand mot brystet, og med ljåspissen vendt ~~ut~~ frå seg kvesser ein no ljåen med høgre hand. Stuttorv slenger ein føtane i kross om orvet.

10. Vjersedet kvassteinen vert bore i Hoccar ein kvåteholk, ein beckkboks sett frå seg på marka. Ein minn-ast etter ein einaste mann her som bar kvåteholken på seg, og at den var av he. Elles er det mest vanlege

8167

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

å spytte på kvassteinen.

11. Sleit eller kuhorn brukt som etui for kvasstein veit ein ikkje om.

12. Det var sagt om han som bar kvåtehalken han bar den på högre hofta.

13. Ein væter bestandig kvassteinen med anten vatn eller spytt. Anna væte vert ikkje brukt.

14. På vinstre hand tommel og peikefing legg det seg eit mörkt lag etter kvessing av ljå, og kallar ein dette for kvassteinskvåta.

15-16 Om denne kvåta har vore eller er brukt som medisin for eit eller anna ieel kjenner ein ikkje til.

17. Det har vore sagt at slipestein som er hard, hjelper det å grave ned i hestemökk for å få den mjukar.

18-19-20. Nei, folk töler ikkje sktrönt og er glad til at kvasstein og andre daude ting ikkje spötter.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8167